



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 26.05.2026
Deres dato: 06.05.2026
Vår referanse: 24/12429-7
Deres referanse: 24/12429
Vår saksbehandlar: Hanne Birte Hulløen

Uttale til endring etter enklare prosess (pbl § 12-14) av reguleringsplan for Arbustøylen - om plankart og føresegner - planID 20200007 - Vinje kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 6. mai 2026 om endring av reguleringsplan for Arbustøylen i Vinje kommune. Frist for uttalen er sett til 27. mai 2026.

Formålet med og bakgrunnen til planarbeidet

Formålet med endringa er å synleggjere aktsemdssone for snøskred, og flaum- og jordskred på plankartet. For teigane BFF3 og BFF4 gjeld endringane føresegner om utforming og planleggjing, og føresegner om takvinkel og jordtak endrast for heile planområdet.

Vinje kommune vurderer førebels at endringane ikkje går ut over hovudrammene i planen og heller ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde, og derfor kan behandlast etter enklare prosess, jf. pbl § 12-14.

Vinje kommune tilrår førebels endringa.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har fått planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-14.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtalen blir inntil vidare vidareført mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune finn at endringa ikkje rører ved dei regionale og nasjonale interessene vi er sette til å vareta, og har ingen kommentarar til planendringa.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
VINJE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN